



**DET KONGELEGE  
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

*Statssekretæren*

Ifølgje liste

Oystercatch

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/3223-

24. juni 2019

## **Hausting av stillehavsøsters i nasjonalparkar**

Eg viser til brev 3. mai 2019 med spørsmål om løyve til å hauste stillehavsøsters på statleg grunn i nasjonalparkane, og informasjon om høve for å søke støtte til dette.

Stillehavsøsters er ein framand art med svært høg økologisk risiko som trugar verneverdiar i fleire verneområde i sjø. Klima- og miljødepartementet ser derfor positivt på alle skånsame tiltak som kan bidra til å redusere utbreiing av stillehavsøsters, særleg i verneområda. Det er samtidig viktig at aktivitet som kan påverke verneverdiar skjer i samråd med vernemyndighetene. Eg er derfor glad for initiativet de har tatt og for at de vil ha dialog med forvaltningsmyndigheita lokalt, som er nasjonalparkstyra.

Nasjonalparkane har i verneforskriftene noko ulike reguleringar av hausting av marine ressursar. Samtidig er det også av omsyn til verneverdiar ulike reguleringar av motorferdsel i områda. Alt etter omstenda kan derfor hausting av stillehavsøsters vere eit søknadspliktig tiltak som krev særskild løyve frå nasjonalparkstyret.

Naturmangfaldlova § 47 gir nasjonalparkstyra heimel til å gjennomføre skjøtsel i verneområda. Hausting av stillehavsøsters kan vere eit aktuelt skjøtselstiltak dersom hausting bidrar til å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet. Nasjonalparkstyret skal, dersom mogleg, inngå avtale med grunneigaren om at denne utfører nærare bestemte skjøtselstiltak. Nasjonalparkstyret kan også inngå avtale med interesserte organisasjonar eller private verksemder som dykkar, om at desse utfører skjøtselstiltak. Nasjonalparkstyret kan sjølv ta initiativ til å setje i gang skjøtselstiltak dersom det er nødvendig for å ivareta verneverdiane, både på privat og offentleg grunn.

Kostnader til skjøtselstiltak i verneområda kan dekkast over Klima- og miljødepartementets budsjett (kap. 1420 post 31 *Tiltak i verneområde*). Miljødirektoratet tildeler midlar frå denne posten mellom anna til nasjonalparkstyra, som deretter avgjer korleis midlane skal brukast. Midlane kan mellom anna brukast til kjøp av teneseter. Nasjonalparkstyra kan og søke om tilskot til nedkjemping av stillehavsøsters under ordninga for tiltak mot skadelege, framande arter (kap. 1400 post 76). Desse søknadane er det og Miljødirektoratet som vurderer. For 2019 er løyvingane for dei to ordningane allereie fordelt.


Viltlevande marine ressursar som veks i eller på privat grunn, som stillehavsøsters, er omfatta av den private eigedomsretten. Det er viktig å merke seg at grunneigar eller rettshavar har krav på økonomiske fordelar ved gjennomføring av skjøtselstiltak i verneområda. Dette følgjer av naturmangfaldlova § 47 fjerde ledd. Det er også viktig å merke seg at kommersiell hausting av stillehavsøsters ikkje kan skje som skjøtselstiltak etter naturmangfaldlova. Kommersiell hausting kan berre skje etter avtale med grunneigar og i verneområda må slik aktivitet i tillegg vere i samsvar med verneforskrifta. Hovudregelen om eigedomsrett er at eigar av grunn ned til strandlinja har eigedomsrett ut i sjøen til marbakken. Dersom det ikkje er klar marbakke går eigedomsretten ut til to meters djupne ved middels låg vasstand.

Klima- og miljødepartementet har delegert ansvaret for skjøtsel og å behandle saker om tiltak som krev løyve etter verneforskrifta til nasjonalparkstyra. Sjå [www.nasjonalparkstyre.no](http://www.nasjonalparkstyre.no) for meir informasjon. I kontakt med nasjonalparkstyra for dei ulike områda vil de få avklart om tiltaka anten krev løyve etter verneforskriftene, eller om tiltaka kan gjennomførast som avtale om skjøtselstiltak.

Eg vil avslutningsvis nemne at Klima- og miljødepartementet, i samråd med aktuelle departement, vil gjennomføre ei vurdering av om gjeldande rett kan og bør endrast slik at kommersielle aktørar kan hauste og samtidig nedkjempe stillehavsøsters på privat grunn utan samtykke frå grunneigar, og korleis innramminga av ei slik eventuell endring i så fall bør vere.

Eg har sett nasjonalparkstyra som kopimottakarar, slik at også dei får dette brevet til orientering.

Med helsing



Atle Hamar

Kopi

Færder nasjonalparkstyre  
Jomfruland nasjonalparkstyre  
Miljødirektoratet  
Raet nasjonalparkstyre  
Ytre Hvaler nasjonalparkstyre

Fra: Aasen Silje[Silje.Aasen@kld.dep.no]

Sendt: 24. jun 2019 08:53:33

Til: oddvar@oystercatch.no; knut@torungenfyr.no

Kopi: Postmottak Miljødirektoratet; FMVT Postmottak; FMTE Postmottak; \*Fmos Postmottak Fylkesmannen i Østfold;  
FMAV Post

Tittel: Brev fra statssekretær Atle Hamar

---